

KYRKJEBLAD

60. årg.

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD Nr. 3-4/2006

DALE KYRKJE 50 ÅR!

JUBILEUMS PROGRAM

Side 5-10

Flygel til Dale kyrkje

Side 10

Julehelsing frå kapellanen

Side 3

Kunstverket Fader Vår

Side 4

Aksjon Håp 3. og 10. desember

Side 13

Konfirmant- jubilarar

Side 14 og 15

Frå kyrkjeverja

Side 16 og 17



Vi ynskjer alle lesarane
ei velsigna julehøgtid
og alt godt for det nye året!



Den norske kyrkja i Vaksdal

Kyrkjekontoret for Vaksdal
Pb 113, Fabrikkvegen 3
5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20

Fax 56 59 39 29

E-post: kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30

onsdag kl. 10.30-13.30

Kyrkjevevje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobil tlf. 95 97 99 05

E-post: kyrkjevevja@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Tlf. kontor 56 59 39 20

Mobil tlf. 90 19 65 14

E-post: soknepresten@vaksdal.kyrkja.no

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: fkv@broadpark.no

Kapellan Edvard Bø

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobil tlf. 90 84 06 24

Fax 85 02 45 70

E-post: kapellanen@vaksdal.kyrkja.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

Kantorane Olav Arne Steinkopf og Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@c2i.net

Organist i Eksingedalen og Eidsland

Asbjørn Nese

Tlf. privat: 56 59 59 26

Telefon til soknerådsleiarar

Stamnes: Odd Helland, 56 59 81 33

Eksingedalen: Britt Nese, 56 59 58 12

Felles for Vaksdal, Dale, Bergsdalen og

Nesheim: Ragna Lid, 56 59 89 20

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teleplikt.

Travle tider..

*”Det er vel travle tider,
når jula kjem her nord,
med dyre pinnesider,
og fagre julebord”*

Ei lita omskriving av andreverset av ”no livnar det i lundar” kunne kanskje høve på tida me går inn i?

Vår feiring av jul står ikkje som oppskrift i nytestamentet, men me finn mange variantar i Hjemmet og andre norske ukeblad. Faste tradisjonar på godt og vondt kan gjere jula til eit pliktlaup. Forventningar skal oppfyllest både på gåvesida og julekakesida. Familiar vert samla, eller må feire kvar for seg.

Kjenslene er sjeldan så sterke som når jula set inn og alle går kvar til sitt.

For her går me då so til dei grader kvar til vårt på julekvelden. Om me hadde budd i Australia ville me kanskje ha feira kvelden med grilling på plenen saman med naboen? Her i det etter kvart så milde og våte nord, er heimekosen, med døra godt lukka svært, så vanleg.

Stengjer me ute jubilaranten og?

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 150,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar:

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret.

Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,

boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. Og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Boks 34

5604 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal,

Pb. 113, 5721 Dalekvam.

MARIA TRUDDE PÅ JESUSBARNET

Kva var det som fekk Maria, mor til Jesus, til å tru på at Jesus var Guds son? Trua starta då engelen Gabriel vitja henne.

Engelen sa: **“Ver ikkje redd, Maria! For du har funne nåde hos Gud. Høyr! Du skal bli med barn og få ein son, og du skal gje han namnet Jesus. Han skal vera stor og kallast Son til Den høgste. Herren Gud skal gje han kongsstolen til David, far hans. Han skal vera konge over Jakobs hus til evig tid, og det skal ikkje vera ende på kongedømet hans.”**

Maria undra kor dette skulle gå til, ho som var ung og ikkje hadde vore saman med ein mann.

“Den heilage ande skal koma over deg, og krafta frå Den høgste skal skyggja over deg. Difor skal òg barnet som blir født, vera heilagt og kallast Guds Son.”

Forunderlege ord. Kunne ho tru dei? Engelen stadfesta orda med å visa til slektingen hennar, Elisabeth, som det vart sagt ikkje kunne få barn, men som no i si høge alder alt var i 6. månaden. Maria trudde, og sa at det skulle skje med henne slik som engelen hadde sagt det.



Det ville ikkje vere lett for Maria å forklare seg heime hjå foreldra. Samstundes trengde ho å snakke med nokon. Det måtte bli Elisabeth. Ho ville skjønna. Tvilen banka på, då engelen var faren. Allereie før Maria hadde sagt noko, tala Elisabeth og æra barnet i Maria. Det var kort tid etter at ho hadde møtt engelen, så det må vere seinare at Maria merkte dei tinga med kroppen som skjer når ei kvinne skjønner at ho er med barn. Begge tinga hjalp Maria til å tru.

Hadde engelen berre vore fantasi? Nei, tre englebod til skulle styrkje Maria i trua. Det eine var bodskapen til gjetarane då barnet vart fødd. Det andre var engledraumen til Josef om at han skulle ta Maria til seg, og ikkje skiljast frå henne. Det tredje var englebodet til vismennene om at dei ikkje skulle gå attende til Herodes og fortelja han om barnet. Alt dette gøymde ho i hjarta, og grunna på det. Og vi har fått høyre om det. I dag kan vi tru på Jesus når vi høyrer dei orda som fekk Maria til å tru.

God jul!
Helsing Edvard Bø, kapellan

Ill: Maria og engel (av Fra. Angelico)




Foto: Hernes, Voss

KUNSTVERKET – FADERVÅR

Dette kunstverket er klypt ut i eit kvitt papir. Bak er lagd eit svart papir for å få fram orda., og her står heile fadervår. Det er lagd av ei eldre dame frå Stranda på Sunnmøre. Mottakar var Thora Grøtcher Thesen som var gift med Fredrik Wilhelm Thesen, fødd ca. 1850. Han var distriktslækjar i Stranda ca 1880.

Fru Grøtcher Thesen hadde ingen ringare enn Bjørnstjerne Bjørnson og Ole Bull som fadrar ved dåpen. Sonesonen til denne distrikts-lækjaren som også heiter

Fredrik Wilhelm Thesen, gav oss dette i sumar (2006). Han er fødd i 1920 og har feriert på bruket vårt på Berge sidan han var 7 år, og har møtt 6 generasjonar Berge i levande livet.

Kunstverket er ei gåve til oss på Berge og skal fylgja garden. Han kunne likevel tenkja seg at dersom me ikkje hadde noko i mot det, kunne det på forsvarleg vis hengja i Bergsdalen kyrkje, slik at fleire fekk sjå det.

Kari og Johannes O. Berge

Dale kyrkje 50 år

Vigsla 16. desember 1956

JUBILEUMSPROGRAM

Laurdag 2. desember kl. 18.00

KONSERT Fossegrimen *MESSA DI GLORIA* av G. Puccini

Billetter v/inngangen. Kr. 200 for vaksne/ kr. 150 for pensjonistar/
ungdom/skuleelevar/studentar. Born under 12 år gratis

Fredag 8. desember kl. 18.30

JOLEKONSERT Maj 7 med små gjester

Billetter v/ inngangen. Kr. 100 for vaksne, kr. 50 for
born under 6 år, max kr. 300 for familie

Laurdag 9. desember kl. 11.00

BLI KJENT MED KYRKJA! Omvisning og føredrag om Dale kyrkje.

Onsdag 13. desember kl. 18.00

DEN STORE KONGEN Kantate framført av elevane i 1. -7. klasse
ved Dale barne- og ungdomsskule. Luciaopptrinn. Lystenning og
tekstlesing ved konfirmantane. Kollekt ved utgangen

Torsdag 14. desember kl. 11.00

BARNEHAGEGUDSTENESTE For og med barnehagane på Dale
og Stanghelle. Alle som vil koma er velkomne!

Laurdag 16. desember kl. 18.00

JUBILEUMSKONSERT Kordial, Kilden, Dale Musikkforening,
medlemar frå Dale Mannskor, Hege E. Vik, Karoline V. Hegge,
Synne L. Dyvik, Olav Arne og Tone Synnøve Ø. Steinkopf,
strykekvartett m. fl. Kollekt ved utgangen

Sundag 17. desember kl. 11.00

JUBILEUMSGUDSTENESTE Prost Knut A. Knudsen, Dale
Mannskor, Torsdagsklubben m. fl. Nattverd.

Takkoffer til jubileumsfeiringa

Sundag 17. desember kl. 13.00

FESTSAMVERE I kantina til DoN. Helsingar m. m. Betasuppe,
kaker og kaffi.

Vaksne kr. 100, born under 16 år kr. 50.

Billetter må kjøpast seinast 14. desember hjå Gyda,
Coop Marked Stanghelle, eller Kyrkjekontoret

Jubileumsgåve til nytt flygel i Dale kyrkje kan setjast inn på kontonr.

3530.23.19276

"MESSA DI GLORIA" av GIACOMO PUCCINI

Laurdag 2. desember kl. 18.00



I år skal Fossegrimen framføra "Messa di Gloria" av den italienske komponisten Giacomo Puccini i Dale kyrkje og i Nain på Voss, eit verk som dei hadde på programmet også i 2002. "Messa di Gloria" er hovudverket på desse konsertane, men i tillegg vil dei ulike gruppene i orkesteret – styrkarane, treblåsar-ane og messingblåsarane – ha eigne avdelingar med framføring av musikk frå ulike tidsperiodar.

Giacomo Puccini (1858-1924) var i all hovudsak opera-komponist, men i studietida skreiv han or det meste kyrkjemusikk. "Messa di Gloria" frå 1880 er bygd over dei klassiske fem latinske messedelene – Kyrie, Gloria, Credo, Sanctus-Benedictus og Agnus Dei. Namnet har messa fått fordi sjølv gloriatsatsen er den mest dominerande av dei fem satsane og har stor innverknad på heile verket. Det er skriva for to songsolistar - tenor og baryton - kor og orkester.

Solistane i år er Harald Bjørkøy (tenor), som er lærar ved Griegakademiet i Bergen og som song same partiet då Fossegrimen framførde verket i 2002, og den tidlegare eleven hans der, Ole Strøm (baryton), som også har vore solist med orkesteret vårt fleire gonger tidlegare.

Voss og omland kantori (VOK) er nytta til Vangskyrkja på Voss. Det har

vore ein fast samarbeidspartnar til Fossegrimen i mange år. Nå i haust er det igjen utvida til eit regionalt prosjektkor med om lag 60 songarar frå Voss, Vaksdal, Ulvik, Granvin og Aurland - som så mange gonger tidlegare: eit verkeleg regionalt samarbeidsprosjekt ! Og også som så mange gonger før er det kantor Lars Ragnvaldsen som har hatt ansvaret for korinnstuderinga. Dagfinn Rhode er dirigent for Fossegrimen. Konserten er i samarbeid med Griegakademiet og Voss og Omland Kantori.

"Vi gler oss til å framføra dette store verket for songsolistar, stort kor og orkester - musikk som skulle høva godt til å markera både at Dale kyrkje feirer sitt 50 års jubileum og at vi nå går inn i adventstida. Vi vonar at mange vil nytta høvet til å høyra og oppleve denne vakre musikken skapt av ein av dei store italienske tonekunarane."

(Foto: Svein Ulvund)

JOLEKONSERT FOR HEILE FAMILIEN, Fredag 8. desember kl. 18.30

Maj 7 starta opp i 1989, med 7 koristar og pianist. No, 17 år seinare, er besetninga 12 koristar, pianist Ragnar Tesdal og instrumentalist Knut Brunvoll, (el-bass, gitar og fele). Kristin Voll Tesdal har frå starten vore dirigent og ho arrangerer alt stoffet dei syng.

Maj 7 har eit variert repertoar. Dei syng like gjerne viser, salmar og folketonar som norsk og amerikansk gospel og negro spirituals. Dei syng og eigenprodusert stoff av Kristin og Ragnar.

Maj 7 syng på ulike arrangement, i kyrkjelege samanhengar og for ulike lag og organisasjonar. Dei har sunge i radio og i oktober deltok dei i TV programmet "Åpen himmel" på NRK. Før jul i fjor gav dei ut CDen *Signatur*. Dei har og vore med på CDen *Såret fugl*, med diverse artistar. Dette er fjerde året at Maj 7 arrangerer egne julekonsertar. Og julekonsertane er noko dei ser fram til med glede!



I løpet av åra har mange mini-Maj 7-arar sett dagens lys. Berre dei siste åra har i alle fall 15 små songarar vore med på øving. Song, byssing, amming og "litt skriking" har gått hand i hand. Derfor synes gruppa at det no er på tide at rekruttane får vera med på ein ordentleg konsert. Dei er allerede i gang med øving, og gler seg til å debutere på Dale!

DEN STORE KONGEN, LUCIA OG LYSMESSE Onsdag 13. desember kl. 18.00

For 10 år sidan, då kyrkja var 40 år, og kyrkjestaden Dale var 100 år, vart kantaten Den store kongen sett opp, som eit samarbeidsprosjekt mellom Stang-helle og Stamnes skule. Kantaten vart framført i

Dale kyrkje, i tillegg til på skulane.

I år vert det på ny høve til å få med seg den flotte kantaten. Denne gongen er det barnetrinnet ved Dale barne- og ungdomsskule som skal framføre han.



Kantaten er skriva av Trygve Bjerkheim (tekst) og Mons Leidvin Takle (musikk). Desse to har stor produksjon av tekstar og musikk bak seg, og har spelt inn eller gjeve bidrag til fleire plateinnspelningar.

I tillegg til Den store kongen, vert det Luciaopprinn ved fyrste-klassingane på Dale, slik dei brukar å gjere på småskulen sin julegudsteneste. Denne dagen er det Luciadagen, så dette inn-slaget høver særst godt. Konfirmantane si årlege lysmesse vert og lagt inn i programmet denne

kvelden, men i ei forenkla form. Deira bidrag vert sju lesingar og tenning av sju lys, slik det brukar å bli gjort. Programmet denne onsdagskvelden varer om lag ein time.

Kven er så denne store kongen som det skal forteljast om gjennom song, lesing og andre innslag denne onsdagskvelden?

Kom og finn det ut!

BARNEHAGEGUDSTENESTE

Torsdag 14. desember kl. 11.00

Dale barnehage er næraste naboen til Dale kyrkje. Og då det er heilt naturleg at naboar vitjar kvarandre, både ved store anledningar og elles, vart barnehagen invitert til kyrkja si fødselsdagsfeiring. De same vart Stanghelle barnehage, som og soknar til Dale kyrkje. Barnehagane takka ja,



og saman skal me feire kyrkja denne dagen. Barnehageborna vert aktivt med i gudstenesta må ulike vis, og me trur det vert ei flott gudsteneste. Som alltid elles, er alle velkomne! Gudstenesta er altså ikkje berre dei som har, eller er, born i barnehagane! Og - me kan vel røpe det alt no - etter gudstenesta er barnehageborna invitert til fødselsdagsfest med bollar og brus.

DIPLOM TIL DEI SOM BESTIG KYRKJETÅRNET!

Dei som kjem seg opp i kyrkjetårnet i løpet av jubileumsfeiringa, skal få diplom!

I tida mellom 1. og 17. desember får dei som har gått trappene opp til klokketårnet med seg eit bevis på klatreturen. Turen byrjar på fortauet utanfor kyrkja, og endar oppe ved dei to klokkene oppe i tårnet. Klatringa skjer i bratte trapper, difor må alle gå veldig fint, berre i små flokkar, og berre saman med ein vegvisar! Frå tårnet kan ein sjå Dale, m.a. barnehagen, frå "lufta", slik som på bilete ovanfor.

Ta kontakt med kyrkjetenaren eller andre tilsette når du er i kyrkja!

JUBILEUMSKONSERT

Laurdag 16. desember kl. 18.00

Jubileumskonserten kjem på sjølve jubileumsdagen – den 16. desember er det 50 år sidan kyrkja vart vigsla. For 50 år sidan var konserten om kvelden vigslingsdagen, og den gong som no var Dale Musikkforening med! Den gong var og Godtemplarkoret "Varde", Dale Indremisjonskor og Dale Mannskor med på konserten. Dei song kvar for seg, og saman som Dale Felleskor.

Det var Kordial som tok initiativet til årets konsert, der dei ville gje konserten som gåve til kyrkja i høve jubileet. Musikkforeningen var "med på notene", Kilden vart inkludert, og det same gjorde andre songarar og musikarar. Medlemar frå Mannskoret vert og med på

konserten, mens sjølve koret får med høyre på jubileumsgudstenesta dagen etter.

Kor og korps skal saman framføre to satsar frå Händels Messias, eit av dei er det kjende Halleluja-koret. Vidare får me høyre Ave Verum Corpus frå ein annan av årets jubilarar, W. A. Mozart. Julesongar får me og høyre: Stille natt (av F. Gruber) og eit potpuri med engelske julesongar.

Solistane me får høyre, er Hege Eide Vik, song; Karoline Vik Hegge, fiolin; Synne Laastad Dyvik, song; Olav Arne og Tone Synnøve Øygard Steinkopf, orgel. Ein strykekvartett er og med på konserten.

JUBILEUMSGUDSTENESTE OG FESTSAMKOME

Sundag 17. desember kl. 11.00 og 13.00

Kyrkja er mellom anna bygd for å romme ulike samkome, men kan hende høver ho best når ho vert fylt opp av menneske som syng? I alle fall vert det mykje song og musikk i gudstenesta, anten når alle er med å syng, eller når Mannskoret gjer det. Musikk frå "instrumenta si dronning", orgelet, får fylla både rommet og menneska i det. Songen og orgelspelet, i samklang med dei andre instru-menta som er med i guds-tenesta, gjev oss kan hende ein forsmak på den himmelske songen og musikken? I alle fall ligg tilhøva til rette for ei jubilerande jubelgudsteneste denne sundagen!

Skriftlesinga og forkyninga høyrer med. Bøna har sin sjølvsgatte plass i gudstenesta. Invitasjon til nattverden går til alle som er samla; hugs at nattverdsbordet ikkje er eit premiebord for dei vellukka, heller ein rasteplass på livs- og trusvegen.

I gudstenesta vert prost Knut A. Knudsen med, saman med mellom andre

våre eigne prestar og andre kyrkjelege medarbeidarar. Dale Mannskor syng, Torsdagsklubben spelar, det same gjer dei to kantorane våre.



Festsamkomet etter gudstenesta vert i kantina til Dale of Norway. Ikkje berre er det den staden me får samla flest menneske, men val av stad er og med på å understreke dei historiske banda mellom fabrikk og kyrkja. Då den fyrste kyrkja var ferdig i 1896,

kunne det ikkje skjedd utan fabrikk og fabrikkeigaren sin medverknad. Fabrikk var og sentral då han gav tomt til den nye kyrkja, og let eigne arbeidarar og handverkarar ta del i byggingsarbeidet – særleg den fyrste tida.

Under samkoma vert det servert betasuppe, kvit dame og kaffi/te. På programmet vil det stå mellom anna helsingar og allsong.

FLYGEL TIL DALE KYRKJE

Dale kyrkje er eit av dei beste konsertlokala i Vaksdal kommune. Med sin framifrå akustikk spesielt for kor, song og akustiske instrument, vert den mykje brukt til konsertar. Det er berre ein mangel; eit godt flygel.

Kvifor eit flygel, er det ikkje bra nok med eit piano?

Eit flygel er større og har ein heilt annan og mykje fyldigare klang enn eit piano. Eit slikt instrument vil kunne fylla kyrkjerommet på ein heilt anna måte. Dette vil ein m.a. spesielt merke ved akkompagnement av kor. Eit flygel er òg eit estetisk vakkert instrument.

I Vaksdal kommune finst det dessverre ikkje eit konsertflygel som pr i dag tilfredstiller krav frå profesjonelle utøvarar. Med eit godt flygel som til dømes eit Yamaha C3 i Dale kyrkje, kan ein med frimod invitere profesjonelle pianistar av Leif Ove Andsnes sitt format til kommunen. Dette kan gje nytt liv på musikkfronten.



Eit godt flygel i Dale kyrkje kan vere med på å vitalisere både gudstenestelivet i Dale kyrkje og musikklivet generelt i kommunen.

Det er ikkje berre klassiske utøvarar som vil ha glede av eit slikt instrument. Også for utøvarar innanfor andre genre som jazz, pop og rock vil det åpne seg nye høve -noko som innbyggjarane i Vaksdal kommune

igjen vil ha glede av.

Tidlegare har Vaksdal kulturskule hatt elevkonsertar i Dale kyrkje. Ved slike høve er det heilt klart at det vil vere eit løft for elevane å spele på eit ordentleg konsertinstrument.

Ver med å gje di gåve til 50-års jubilaranten. Eit flygel til kyrkja er ei gåve som kulturinteresserte i heile kommunen kan ha glede av. Ei gåve som i endå større grad vil markere Dale kyrkje som ei kulturkyrkje.

Jubileumsgåve til nytt flygel kan setjast inn på kontonr. **3530.23.19276**

JUBILEUM OG PENGAR

Det kostar pengar å jubilere, det skjønar alle.

Til konsertane med Fossegrimen og Mai 7 får ein kjøpt billettar ved inngangen. Meir uventa er det nok at ein må kjøpe billettar til festsamkomet etter jubileumsgudstenesta, og at dette må gjerast på førehand. Men det er bestemt slik for at det skal vere mogleg å vite på førehand kor mange

som kjem, og dermed unngå å avvise nokon ved døra.

Etter Den store kongen og Jubileumskonserten vert det høve for dei som ynskjer det å gje ei gåve ved utgongen, og i gudstenesta vert det teke opp eit jubileumsoffer.

Dersom det vert eit overskot etter alle desse arrangementa, går det til flygel-innsamlinga.

MED FLYGELET I FOKUS

Konsert i Dale kyrkje 21. januar

Med flygelet på plass i Dale kyrkje opnar det seg nye høve. Søndag 21 januar vert det konsert i Dale kyrkje der me set flygelet i fokus. Me får høyre flygelet som soloinstrument, og i lag med kor og solistar. Medverkande er m.a. songkoret Kordial og Dale mannskor. Programmet elles er ikkje heilt klart ennå, men me ynskjer å få med songkoret Kilden og pianoelevar frå

kulturskulen.

Nokre gjestar kan ein nok òg rekne med.

Alle inntekter frå denne konsert-en vil gå til finansiering av flygelet. Innsamlinga vil fortsette heilt til flygelet er fullfinansiert.



VAKSDAL RADIO HAR GÅTT AV LUFTA

Styret for Vaksdal Radio gjorde i møte mandag 20. november vedtak om å ta Vaksdal Radio av lufta for godt. Det var naudsynt å gjere det



vedtaket no, seier Einar Mjelde, før nyttår. Dette var tida før ein ny konsesjonsrunde.

Det er Gudrun Boge Karlsen som har vore redaktør for radioen den siste tida. Ein har arbeidd med å kome i gang att i haust. Men det har ikkje latt seg gjere. Det krev ein del tid, og dei som har vore trufaste medarbeidarar i mange år, har samstundes mange ulike verv og oppgåver. Styret fann at det då var best å avvikle.

Me må frå kyrkjelyden gje ei stor ros og takk til alle som har gjort ein kjempeinnsats. Det skal mykje entusiasme til for å halde på med lokalradiosendingar i over 15 år slik som de har gjort. Radioen starta i 1990. Det var først nokre periodar med korttidskonsesjon før ein fekk konsesjon på full tid. Til å begynne med var det sendingar 3 dagar i veka. Det vart auka med ein dag, laurdagane. Slik har det vore fram til sommarferien i år. Det har berre vore to stopp i sendingane tidlegare. Ein lengre i samband med innbrotet rundt 2002. Ein ny stopp var i fjor pga støy på sendaren. Mjelde fortel at utstyret vil verte avhende med at noko går til bedehuset, og noko vert solgt.

Vaksdal Radio har stått bak ungdomsarbeidet i Vaksdal KUL (Kristelege Ungdomslag). Dei har no gått inn i Nordhordland Indremisjon. Så avviklinga av radioen vil ikkje få konsekvensar for det flotte arbeidet som Vaksdal KUL driv.

Takk til Radioen som har vore til glede for mange lyttarar i Vaksdal som kanskje ikkje har fått kome seg ut og høyre Guds ord på anna vis.

Kapellan Edvard Bø

KONGENS FORTENESTE- MEDALJE TIL LARS!



Foto: Øyvind Solberg

Ordfører Øivind Olsnes delte ut heidersteiknet, vidare frå venstre: Marion og Lars Ragnvaldsen

Lars Ragnvaldsen fekk tildelt Kongens fortенestemedalje i sylv under Dale Mannskor sin 75-årsjubileumsfest 28. oktober. Vel fortent, Lars - me gratulerar!

ADVENTSKONSERTAR

Stamnes kyrkje

laurdag 9. desember
kl. 16.00.

Vaksdal kyrkje

sundag 10. desember
kl. 19.00

FORSONGARAR I KYRKJENE

1. og 2. JULEDAG

Dei som ynskjer å vera med
som forsongarar,
kan møta i kyrkjene
kl. 9.45

JULEFESTAR

Dale bedehus

torsdag 28. des. kl. 17.00

Vaksdal bedehus

laurdag 6. januar kl. 17.00

Stanghelle bedehus

Sundag 7. januar kl. 17.00

KYRKJA KJEM HEIM TIL DEG!

Ikkje fysisk, rett nok, men: Den norske kyrkja i Vaksdal har no si eiga "heimeside" på internett. Du finn sida på

www.vaksdal.kyrkja.no

UTDELING AV NYTESTAMENTE TIL 11-ÅRINGAR

(dei som er fødd i 1996)

DALE KYRKJE

4. februar kl. 17.00

VAKSDAL KYRKJE

11. februar kl. 11.00

EIDSLAND KAPELL

11. februar kl. 17.00

STAMNES KYRKJE

25. februar kl. 11.00

BERGSDALEN KYRKJE

11. mars kl. 11.00

NESHEIM KYRKJE

1. april kl. 11.00

ÅRSMØTE I KYRKJELYDANE

Årsmøta vert haldne rett etter gudstenestene i dei aktuelle kyrkjene. Å koma på årsmøta er risikofritt, dei er heilt utan val til sokneråda og kyrkjelydsutvala!

BERGSDALEN SOKN

21. januar kl. 11.00

EKSINGEDALEN SOKN

28. januar kl. 11.00

NESHEIM SOKN

18. februar kl. 11.00

DALE SOKN (i Stanghelle bedehus)

18. februar kl. 16.00

VAKSDAL SOKN

25. mars kl. 11.00

STAMNES SOKN

ikkje fastsett

NON - STOP BØNEHELG

i Dale bedehus

19.- 21. januar



AKSJONHÅP

Nasjonal
bøsseinnsamling

10.2006
desember

Aksjon Håp skal bekjempe urett ved å hjelpe mennesker i naud. For pengane som samlast inn til Aksjon Håp 2006, vil tusenvis av undertrykte og marginaliserte menneske i mange av verdas fattigaste land få håp om ei betre framtid.

Aksjonen sitt hovedmål er: Aksjon Håp skal samle inn 65 millioner kroner til bekjemping av naud i land med stor fattigdom. Aksjon Håp vil gjennom ein nasjonal bøsseaksjon andre søndag i advent samle inn 65 millionar kroner.

HØVE TIL Å GJE PENGAR TIL AKSJON HÅP:

Sundag 3. desember

For heile Eksingedalen: I lysmessa kl. 16.00 i Eksingedalen kyrkje

Eidsland: I lysmessa kl. 16.00

Vaksdal sokn: I lysmessa kl. 19.00

Laurdag 9. desember

Bøssebærarar står ved Vaksdal Senter.

Sundag 10. desember

Bergsdalen sokn: I lysmessa kl. 16.00

Stamnes: Bøssebærarane kjem rundt på dørene.

Dale sokn: Ikkje endeleg bestemt korleis innsamlinga skjer.

Du kan og gje pengar på
kto. nr: 3000.33.33333
eller
tlf. 820 44 060 (kr. 175,-)

VIL DU VITE MEIR OM AKSJONEN?

Det kan du gjere på www.aksjonhap.no, og i lysingar i aviser og på TV.

TO AKTUELLE KYRKJEBØKER FRÅ VAKSDAL

Jubileumsboka til Bergsdalen kyrkje frå i fjor, **Dei bygde draumen**, kan kjøpast hjå Petersen og Ypsøy, Dale; Voss Libris, Voss; Notabene, Voss Amfi; Bygdanytt, Øyrane Torg; på Kyrkjekontoret og hjå

medlema i kyrkjelydsutvalet i Bergsdalen. Pris kr. 300,-.

Jubileumsboka til Dale kyrkje frå 1996, **Kyrkjestaden Dale 100 år**, kan kjøpast på Kyrkjekontoret. Pris kr. 50,-.



50 ÅRS KONFIRMANTAR PÅ DALE 15. OKTOBER 2006



1.rekke frå venstre: Bjørg (Hesjedal) Johansen, Anne Marie (Grøttå) Nybø, Agnes Marlene Böttcher Jordal, Dagny (Buvik) Frydenlund, Wenche (Grenasberg) Dæmring, Marie-Brit (Olsnes) Bjerke.

2.rekke frå venstre: Gerd Anneli Vatle, Berit Hesjedal Gustavsen, Else-Berit Holme Fenne, Berit (Furnes)Tefre, Kari Reidun (Andersen) Alvheim, Olaug Storegjerde Boge.

3.rekke frå venstre: Arthur Johan Brudvik, Ottar Langhelle, Jonny Langhelle, Anders Stanghelle, Kjell Stokke, Steinar Dale, Ivar Dale, sokneprest Frode Kvamsøe.

60 ÅRS KONFIRMANTAR PÅ DALE 15. OKTOBER 2006



1.rekke frå venstre: Aslaug (Mikkelsen) Kvamme, Erna (Brudvik) Kvamme, Anne-Marie (Stavenes) Børing, Marta (Lie) Olsnes, Olaug Maria (Alvheim) Erdal.

2.rekke frå venstre: Agnar Vatle, Astrid (Seim) Hesjedal, Laila (Vaksdal) Dalseid, Klara (Reigstad) Lange, Eldbjørg Johanne (Ervik) Spangelo.

3.rekke frå venstre: John Birkeland, Bjarne Martin Verpelstad, Erling Mikkelsen, Nils Rødland, Odd Johan Langhelle, sokneprest Frode Kvamsøe.

50 ÅRS KONFIRMANTAR PÅ VAKSDAL 8. OKTOBER 2006



Frå venstre: Ingeborg Eik, Einar Amundsen, Birger Boge, Anne Lise Pahlm, Ole Johan Langhelle, Harald Kalleklev. Foran: Gerd Dagestad.

KONFIRMANTAR I STAMNES KYRKJE 16. SEPTEMBER 1956




Biletet er utlånt frå Einar Magne Straume

Foran frå venstre: Einar Kaland, Olav Hesjedal, Einar Magne Straume, Bjarne Holme, Harald Stamnesfet, Villy Farestveit, res.kap. Nicolai Lien.

Bak frå venstre: Martha Haugland (Hansen), Evelyn Vevatne (Takvam), Aud Lillevedt (Simmenes), Turid Markussen (Holmtoft), Sine Aas (Underhaug), Margrethe Straume (Boge), Ingrid Straume (Leiren), Kirsten Berit Eide (Gullbrå).

Stanghelle nye gravplass tek form.



Grunnarbeidet på gravplassen er ferdig. No er gravsteinane sette på plass att, etter eit mellombels opphald på lager. Ta gjerne ein tur til gravplassen og sjå etter gravene, men ver budd på at det står att ein del arbeid før anleggsgartnaren er heilt ferdig. Det er i blautaste laget for småskor, i alle fall så lenge det regnar som det har gjort siste vekene.

Før arbeidet tok til, vart det teke mål og bilete av alle gravsteinane på kyrkjegarden. Lause gjenstandar og pynt vart registrert.



Nokre av rekkjene med gravminne er retta opp, og nokre av gravminna har vorte flytta litt, for å gje plass til dei fem metrane av gangvegen som trongs for å knyte den gamle og den nye delen saman.

Alle gravminna skal verte reingjorde før jul, og gravlykter og utstyr vert sett på plass att.

Til våren skal det leggjast ferdigplen på den oppfylte delen av den gamle gravplassen. Kostnaden for dette arbeidet vert om lag kr 30 000,-. Dette vert gjort for å kunne nytte gravplassen så tidleg som mogleg, i staden for å måtte stengje plassen for ferdsl medan graset gror.

Det skal plantast tre og hekkar og arbeidast opp blomebed til våren. Blomsterlaukar skal setjast ned, og me ser fram til å få sjå gravplassen i si nye drakt om ei stund.

Det var opphavleg tenkt at portsøylene skulle murast. Anleggsgartnaren meinte det ville vere ei betre løysing å nytte heile søyler, monolittar, til å feste portane i. No er det sett opp to flotte søyler i naturstein, henta frå ein

gard i Masfjorden. Mosen på søylene er teken vare på med vilje. Desse søylene markerer hovudinngangen til gravplassen, og bind saman den gamle og den nye delen på ein god måte, tykkjer me.

Festaren sine rettar og plikter

Alle graver på kyrkjegarden skal vere knytt til ein ansvarleg kontaktperson, ein festar.

Som regel fører ein opp den av familien som har kontakt med gravferdsbyrået, og som tek avgjerder når det gjeld det praktiske kring gravferda. Det vert gjeve rettleiing om dette når ein har samtale med byrået. Seinare kan familien byte på å ha festeansvaret, om det er semje om det. Og vert det usemje, så er det kommunen og ikkje fellesrådet, som skal ta avgjerd. Dette gjeld og dersom ein ikkje vert samd om kven som skal vere ansvarleg for sjølve gravferda.

Etter 1992 har ein i Vaksdal ført opp kven som er den ansvarlege festaren ved kvar gravlegging, men tidlegare har det vore ulik praksis rundt i sokna. Dette har ført til at

nokon er registrerte som festarar til graver utan å vere klar over det. Kyrkjekontoret arbeider dagleg med oppgradering av desse opplysningane, og det ser ut til å ta fleire år før alt er på plass.

Gravferdslova seier dette om ansvaret til festaren: (bokmål)

“§ 15. Festerens rettigheter og plikter.

Festeren har rett til å bestemme hvem som skal gravlegges i graven og forsyne graven med gravminne samt ellers rå over den, om ikke annet følger av gjeldende bestemmelser. Festeren har plikt til å holde graven i hevd. ”

Festarar med graver på Stamnes kyrkjegard har no fått tilsendt rekning på forfalne festeavgifter. For dei 584 gravene på plassen vart det sendt ut om lag 230 rekningar, og 20-30 av desse har vorte retta med ny festar eller ny

sum. Mange av dei gamle gravene er sletta og tilbakeførte til kyrkjegarden. Desse vil etter kvart verte nytta om att.

Me vonar med dette at alle gravene på Stamnes skal ha korrekte opplysningar innan eitt års tid.

Feste av grav

Når ei kistegrav vert teken i bruk, er det høve til å feste ei grav ved sida av denne. Etter godkjenning frå kyrkjeleg fellesråd kan ein festa ei grav i tillegg.

Desse gravene utgjer då ein gravstad. Gravene i ein gravstad kan ha felles gravminne, og vil som oftast ha felles forfall på festeavgifta.

Kyrkjegardsforvaltninga

Kyrkjegardsforvaltninga er lagt til kyrkjeleg fellesråd, og i Vaksdal kommune er det kyrkjeverja som har ansvaret for kyrkjegardane. Alle som vert gravlagde vert førte opp i eit eige register, og gravene vert merkte opp på kart. Kyrkjekontoret registrerer alle gravleggingar, utan omsyn til kva trdomssamfunn ein høyrer til. Alle innbyggjarane våre har dei same rettane og pliktene i høve til gravferdslova og vedtektene.

Forskrifter til Gravferdsloven, § 26: Ansvar (bokmål)

“Eieren er ansvarlig for at gravminne ikke er i forfall, til sjenanse eller til fare for dem som ferdes på kirkegården. Når fellesrådet finner det nødvendig, skal eieren varsles med pålegg om å bringe gravminnet i overensstemmelse med de krav som er stilt i forskrift og vedtekter. Dersom eieren unnlater å etterkomme slikt pålegg eller det er uvisst hvor eieren befinner seg, kan fellesrådet sette i verk tiltak som er nødvendig for å bringe gravminnet i orden, herunder fjerne gravminnet.”

Ta kontakt med kyrkjekontoret dersom de har spørsmål.

Kyrkjekontoret skal kunne svare på alle spørsmål som gjeld kyrkjegardane.

Me vil oppmode alle som har ansvar for graver som snart vert 70 år om å ta avgjerd om ein ynskjer å ta vare på desse. Graver som er eldre enn 70 år vert vanlegvis sletta, men det er høve til å søkje fellesrådet om forlenging av festetida.



Me takkar våre annonsørar for støtta til bladet, og ynskjer alle ein god jul og eitt godt nytt år.



**SÆTERDAL
ELEKTRO AS**
AUTORISERT EL. INSTALLATØR

Me leverer alt innan elektriker-tenester, også varmpumper.
Telefon: 56597722

GRAVMONUMENTER



Fra Brødr. Strand Stenhuggeri

Vi har alle aktuelle steintyper. Be om katalog og tilbud
NB! Fritt levert og montert alle kirkegårdene i distrikt
Skrifttilføyelser – Oppussing

Harald Jordal

Tlf. 56 59 64 72 e. kl. 17.00



- ein lokal medspelar



Hordaland BA

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 61 01

Nye Dale



Boks 12, 5721 DALEKVAM

Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snitter, koldtbord,
middag og pizza til alle anledninger.

PENSJONSSPARING OG FORSIKRING

Ta kontakt med oss lokalt!



DALE MATSENTER

Pb. 163, 5701 Voss

tlf. 56 59 62 23

faks. 56 59 67 61

Dei smarte sparer tid & peng.



AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

Har du bruk for elektriker?

Vi yter god og rask service innan følgjande fagområder :

- Elektro sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Kontakt vår mann i Vaksdal: **Robert Lie, Tlf 907 25 800**
Eller Hovedkontoret på Voss : **56 52 36 66**



**VAKSDAL BLOMSTER OG
BEGRAVELSESBYRÅ AS**

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

Kransar - Sløyfer - Oppsatsar - Bårebukettar

Tlf. 56 59 74 70 - Mob. 91 17 97 66

Einar Mjelde, tlf. 56 59 74 43 (priv.)

Slekters gang

DØYPTE

VAKSDAL

03.09 Fritz Alexander Olsson Fosse
 17.09 Ingrid Sandal Furubotn
 17.09 Sanna Furubotn Boge
 17.09 Adrian Antonio Simmenes Simbana
 22.10 Mathias Tveito Olsnes
 19.11 Kristian Boge Tveit

24.09 Nathalie Holme Birkeland,
 døypt i Mo kyrkje
 24.09 Magnus Takvam Sæterdal,
 døypt i Takvam kapell

DALE

09.07 Sivert Dale Skjerveggen
 23.07 Matteo Ortler
 30.07 Leon Dahle
 01.10 Noah Olsnes Soltvedt
 01.10 Ida Helle Jordalen
 01.10 Thea Helle Jordalen
 01.10 Joachim Kvamme
 01.10 Kevin Standal Fenne
 29.10 Sigrid Tvedt
 12.11 Benjamin Boge Svarstad
 12.11 Sanna Hagen Brekke

BERGSDALEN

29.10 Hanna Balika Berge

STAMNES

09.07 Nataniel Johnsen Fenne
 20.08 Sara Stamnes Vik
 01.10 Kristian Kolstad

VIGDE

BERGSDALEN

19.08 Bente Walter-Johannesen
 og Tore Øvsttun

EKSINGEDALEN

08.07 Anette Svanø Hafstad og
 Odd Inge Brønstad

VAKSDAL

08.07 Kjersti N. Oppedal og
 Bent-Are Hansen

AVLIDNE

VAKSDAL

01.07 Arthur Karl Fotland
 02.07 Johanne Marie Sandal, f.1916
 14.08 Frank Erling Krogsrud, f.1938
 19.08 Bjørn Brørvik, f.1918
 21.08 Normann Vaksdal, f.1914
 16.10 Jacob Henry Kalleklev, f. 1923

DALE

13.07 Svein Magne Dankertsen, f.1954
 14.07 Nils K. Seim, f.1926
 21.08 Sverre Styve, f.1920
 15.09 Karsten Stanghelle, f.1927
 14.09 Sverre Rønhovde, f.1951
 01.10 Willy Langhelle, f.1929
 05.10 Evald Grøslund, f.1924
 06.10 Bjarne Martin Solheim, f. 1929
 25.10 Hedvig Jorunn Rønhovde, f.1944
 09.11 Edith Mary Rønhovde, f. 1926
 10.11 Svanhild Ekanger, f. 1917

STAMNES

11.07 Inger Johanne Bolstad, f.1920
 12.07 Anna Nyttun, f.1916
 05.08 Evald Martin Kallestad, f.1912
 28.09 Inga M. Aasen, f. 1914

EIDSLAND

04.08 Brynhild Eide, f.1911

ME SYNG JULA INN I EKSINGEDALEN

Den 17. desember syng me jula inn i Eksingedalen. Dette er ei årvisst tilskiping som er felles for begge kyrkjelydane i Eksingedalen. Dette året vert den halden i Nesheim kyrkje og byrjar kl. 15.30.

Medverkande i år vert: Modals-koret med sin dirigent Kjersti Wiik, koret Spleis frå Masfjorden med dirigent Synnøve Håland og organisten i Masfjorden, Trond Fykse. Kora syng kvar for seg, men har og fellesnummer. På programmet står tradisjonelle julesongar og meir moderne songar og klassisk.

Det vert og innslag av elevar frå kulturskulane i Lindås, Masfjorden og Eksingedalen. Desse tek del med solosong og orgel/pianospel.

Det vert tekstlesing/diktlesing inn imellom og sjølvstund fellessongar der alle har høve til å syngja med. Det vert teke opp kollekt til kyrkjemusikalsk arbeid.

Me ynskjer alle vel møtt til ei fin song- og musikkstund i Nesheimskyrkja 3. sundag i advent.

Tilskiparar: Nesheim kyrkjelydsutval og organisten i Eksingedalen.

VAKSDAL

KYRKJEBLAD

PRESTEGJELD

VELKOMEN TIL KYRKJA**VAKSDAL KYRKJE****3.des. kl.19.** Lysmesse. Bø. Offer til Radio Vaksdal.**10.des. kl.19.** Adventskonsert. Offer til kyrkjemusikalsk arbeid.**24.des. kl.16.** Julegudsteneste. Bø. Offer til Kirkens Nødhjelp.**25.des. kl.11.** Høgtidsgudsteneste Kvamsøe. Nattverd. Offer til Det norske misjonsselskap.**14.jan. kl.11.** Høgmesse. Bø. Nattverd.**28.jan. kl.17.** Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd.**11.febr. kl.11.** Familiegudsteneste. Bø. Utdeling av Nytestamente.**25.febr. kl.11.** Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd.**11.mars kl.18.** Temagudsteneste. Bø.**25.mars kl.11.** Familiegudsteneste. Bø. Årsmøte.**DALE KYRKJE****2.des. kl.18.** Konsert med Fossegrimen.**8.des. kl. 18.30.** Konsert med Maj 7.**13.des. kl.18.** "Den store Kongen". Luciaopptrinn. Lysmesse.**14.des. kl. 11.** Barnehagegudsteneste.**16.des. kl.18.** Jubileumskonsert.**17.des. kl.11.** Jubileumsgudsteneste. Nattverd. Offer til jubileumsfeiringa.**24.des. kl.15. og 16.** Julegudsteneste. Kvamsøe. Offer til kyrkjelydsarbeid.**25.des. kl.11.** Høgtidsgudsteneste. Bø. Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp.**31.des. Nyårsaftan kl.23.15** Midnattsmesse. Kvamsøe.**7.jan. kl.11.** Høgmesse. Bø. Nattverd.**21.jan. kl.11.** Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd.**4.febr. kl.17.** Familiegudsteneste. Kvamsøe. Utdeling av Ny-testamente.**18.febr. Sjå Stanghelle!****4.mars kl.18.** Høgmesse. Bø. Nattverd.**18.mars kl.11.** Høgmesse. Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd.**STANGHELLE BEDEHUS****18.febr. kl.16.** Familiegudsteneste. Kvamsøe. Årsmøte.**STAMNES KYRKJE****9.des. kl.16.** Adventskonsert. Kollekt til kyrkjemusikalsk arbeid.**24.des. kl.13.30** Julegudsteneste. Kvamsøe. Offer til Kirkens Nødhjelp.**26.des. kl.11.** Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Det Norske Misjonsselskap.**31.des. Nyårsaftan. Kl.16.** Minnegudsteneste. Bø.**14.jan. kl.11.** Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd.**4.febr. kl.19.** Høgmesse. Bø. Nattverd.**25.febr. kl.11.** Familiegudsteneste. Bø. Utdeling av Ny-testamente.**18.mars kl.19.** Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd.**EIDSLAND KAPELL****10.des. kl.16.** Lysmesse. Bø.**24.des. kl.16.15** Vi syng jula inn.**11.febr. kl.17.** Familiegudsteneste. Bø. Utdeling av Ny-testamente.**BERGSDALEN KYRKJE****10.des. kl.16.** Lysmesse. Kvamsøe. Utdeling av Barnas kyrkjebok. Offer til Sjømannskirken.**26.des. kl.11.** Høgtidsgudsteneste. Bø.**21.jan. kl.11.** Høgmesse. Bø. Nattverd. Årsmøte.**11.mars kl.11.** Familiegudsteneste. Kvamsøe. Utdeling av Ny-testamente. Skidag.**EKSINGEDALEN KYRKJE****3.des. kl.16.** Lysmesse. Kvamsøe. Utdeling av bøker til 6-åringar.**17.des.og 24.des. Sjå Nesheim!****28.jan. kl.11.** Familiegudsteneste. Kvamsøe. Årsmøte.**4.mars kl.11.** Høgmesse. Bø. Nattverd.**NESHEIM KYRKJE****3.des. Sjå Eksingedalen!****17.des. kl.15.30** Vi syng jula inn. Modalskoret**24.des. kl.11.** Julegudsteneste. Bø. Offer til Misjonsprosjektet.**18.febr. kl.11.00** Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd. Årsmøte.